




## Gullfjordungen skule

Visjon: Gullfjordungen skule – ein god stad å vera, ein god stad å læra.



### Dagens organisering



1 Kjelde: SSB og Udir

| Skuleår                                  | 14/15                       | 24/25 | 30/31     | 45/46 | Endring |
|------------------------------------------|-----------------------------|-------|-----------|-------|---------|
| Elevtal                                  | 112                         | 150   | 151       | 156   | 4%      |
| Kapasitet                                | Normal: 171                 |       | Maks: 190 |       |         |
| Kapasitetsutnyttjing av normal kapasitet |                             | 88%   | 88%       | 91%   |         |
| Gjennomsnitt klassestorleik              | 16                          | 21,4  | 21,6      | 22,3  |         |
| Gruppestørrelse 1. – 4. trinn (Norm 15)  | 13,88                       | 14,97 |           |       |         |
| Gruppestørrelse 5. – 7. trinn (Norm 20)  | 14,25                       | 14,78 |           |       |         |
| Tal barn i SFO                           | 59 (56 barn har 100% plass) |       |           |       |         |

Endring er mellom elevtala i 2024/25 og dei framskrivne elevtal i 2045 (i prosent)

### Bemanning


|                      |                                     |
|----------------------|-------------------------------------|
| Årsverk leiarressurs | 150% (inkl. undervisningsinspektør) |
|----------------------|-------------------------------------|



|                                          |                                                                                     |
|------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Årsverk lærarressurs</b>              | 1433 % i 2025                                                                       |
| <b>Median alder, tilsette</b>            | 44 år                                                                               |
| <b>Kompetansebehov – Kva manglar me?</b> | Ein lærar til byrjaropplæring, kroppsøving, litt matematikk og kanskje noko musikk. |

### Økonomi

|                          |              |
|--------------------------|--------------|
| Rekneskap 2023           | 16 667 321,- |
| Rekneskap 2024           | 18 047 314,- |
| Budsjett 20224           | 18 176 444,- |
| Budsjett 2024, utan SFO  | 16 902 692,- |
| Rekneskap 2024, utan SFO | 15 653 938   |



Gjennomsnittets kostnad per elev eks. SFO, i 2024 (For skular som eit eller fleire barn med omfattande hjelpebehov er det gjort eit fråtrekk på 300 000,- per barn).

### Bygningsmasse

|                   |                     |                   |                   |
|-------------------|---------------------|-------------------|-------------------|
| <b>Byggjeår</b>   | 1972                |                   |                   |
| <b>Bruksareal</b> | 1692 m <sup>2</sup> |                   |                   |
|                   | Teknisk tilstand    | Funksjonelt eigna | Tilpassingsdyktig |
|                   |                     |                   |                   |

Fargekodane er henta frå tabell 3-3 rapport frå Multiconsult: Barnehage- og skolebruksplan Voss herad

### Andre tilhøve


|                            |                                                                                                                                                                                                                                                 |
|----------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Avstand til Vossevangen    | 1,8 km                                                                                                                                                                                                                                          |
| Tilhøve ved skulevegen     | Heile skulekrinsen har gangavstand til skulen, men ikkje alle tilkomstvegar har fortau. Hjartesone. Skuleåret 2024/2025 hadde 0,6% skuleskyss                                                                                                   |
| Særlege tilhøve ved skulen | Lite ute/ leikeområde når det blir over 150 elevar, men har tilgang til ballbinge ved Folkehøgskulen.<br>Orreflåten er eit fint område for uteskule.<br>Rommengda er noko knapp etter dagens standard<br><br>Praktisk læring på Gullfjordungen: |

### Tilbod og utvikling i skulekrinsen



|                                |                                                                                                      |
|--------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Barnehagar i skulekrinsen      | Det er ingen barnehage i skulekrinsen                                                                |
| Tilknytning til andre tenester | Nært sentrum, gangavstand til Vossabadet, idrettsanlegg, kulturhuset                                 |
| Bustad og næring               | Skulen ligg i tettbygd område med mest bustad men også Sylvsmidja, Finnegarden og Voss folkehøgskule |

### Kartutsnitt skulekrins



### Eit utdrag av tilbakemelding frå elevar, foreldre og tilsette

#### Innspeil frå elevrådet

Korleis hadde de vore for dykk å bli slått saman med ein annan skule, eller byrja på ein ny og større skule?

| Fordelar                                                                                                                                                                                                                                                                  | Ulemper                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"><li>Fleire nye vener</li><li>Kan halde fram å leika med venner frå barnehagen og dei ein går på trening med</li><li>Kjekt om fleire nye elevar kjem til Gullfjordungen, men då treng me fleire klasserom og større leikeplass</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>Det kan bli trongt både ute og inne og det kjem fleire elevar til Gullfjordungen</li><li>Lenger skuleveg, kan bli langt å gå eller dyrt dersom fleire må ta buss</li><li>Større klassar kan skape meir uro og bråk, og dårlegare læring</li></ul> |



|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Ny skule vil gje betre klasserom og spesialrom</li><li>• Nokre få større skular kan vere betre, då det er færre rektorar og naturfaglærarar, og ein brukar mindre pengar på bygg.</li><li>• Dersom me vert ein større skule får me større og betre uteområde, t.d. grasbane eller heile Prestegardsmoen</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>• Me kan få nye vaksne som har ein dårlegare relasjon til oss. Me vil behalda dei flinke vaksne me har</li><li>• Me kan miste vennane våre og dersom det vert for stort miste kontakt med eldre søsken</li><li>• Dersom alle elevar skal samlast på ein skule kan det bli veldig mange – og både trøgt og skummelt</li><li>• Då kjenner ikkje alle kvarandre lenger</li></ul> |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Andre innspel frå elevane:

- Lage to skular (i sentrum?) ein for 1.- 4. klasse og ein for 5.- 7. klasse, då slepp ein at naboar ikkje får gå på same skule.
- Nokre meiner at ein må la Bulken- og Evanger skule vera i fred, slik at familiane ikkje vil flytte derfrå. Det er ikkje kjekt å bu ein plass utan skule.

## Det pedagogiske og organisatoriske tilbodet

### Dette er med nøgde med

- Den pedagogiske organiseringa i høve lærartettleik, klassestorleik og fokus på leik og uteskule
- Stasjonsarbeid og arbeidsplanar
- God arbeidsmiljø med god sosial støtte mellom dei tilsette
- Spesialrom, sløydsal, musikkbinge og skulebibliotek
- FAU: Trekk fram tygg skuleveg, engasjerte lærarar, og eit passe stort miljø der både tilsette og elevar kjenner kvarandre, noko som igjen gjev eit trygt skulemiljø. Skulen si plassering midt i eit bustadfelt og bruk av nærområdet, spesielt vert nordsida av skulen, Mølster og kulturhuset trekt fram .

### Forbetringsområde

- Kan betra utnytting av menneskelege resursar, tverrfagleg samarbeid og samarbeid mellom trinn
- Skulen har få møte- og grupperom, manglar kunst og handverkssrom og uteområde vert litt lite når elevtalet overstig 150
- Tilkomsten til skulen er trøgt og vanskeleg vinterstid
- FAU: Bygningsmassen treng oppdatering. Det er ynskje om å oppgradering av uteområde i høve auka fokus på fysisk aktivitet og praktisk læring. Stabilitet i lærarstaben og tilrettelegging for tilpassa undervisning .

## Skulen sin plass i lokalsamfunnet



- Tryggleik og sjølvstende: Elevane kan gå til skulen dette bidreg til ei kjensle av tryggleik og fridom både for barn og vaksne.
- Enklare logistikk for foreldre
- Skulen fungerer som eit sosialt knutepunkt, der både barn og foreldre kan bygga nettverk. Skuleplassen er mykje brukt på ettermiddag- og kveldstid både i vekedagar og i helgene.
- Tett på Finnesloftet, jordbruk med dyr, epleproduksjon på Finnegarden, Sylvsmdja og Voss folkehøgskule

### FAU om skulekvardagen til elevane

- FAU trekk fram tryggleik, eit godt skule- og læringsmiljø, individuell merksemd, Kvaliteten på opplæringa og at barne får høve til sosialt samvær og å danna vennskap.

### FAU om ulemper og fordelar ved strukturendring

| Fordelar                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | Ulemper                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Nye skulebygg som gjev betre inneklima og meir moderne fasilitetar</li><li>• Større og sterkare fagmiljø, med meir samla kompetanse</li><li>• Større skular er meir robuste i høve bemanning, handtering av fråvær og eit meir stabilt arbeidsmiljø for dei tilsette</li><li>• Moglegheit for spesialisering både i høve kompetansen til dei tilsette og rom/ utstyr</li><li>• Fleire elevar til Gullfjordungen, og ein oppgradering av skulen vil vera positivt</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>• Ein meir utrygg skuleveg</li><li>• Ein større skule vert mindre oversiktleg og trygg.</li><li>• Ei eventuell endring kan påverka barna emosjonelt og sosialt</li><li>• Endringar kan føre til meir komplisert logistikk for foreldra</li><li>• Problematisk at eit trafikkert sentrum som er lite tilrettelagt for småskuleelevar, skal få fleire i denne aldersgruppa (særleg gjeld dette dei yngste elevane)</li><li>• Dersom Gullfjordungen vert lagt ned er vil det kunne svekka lokal identitet, samhald, identitet og at den naturlege samlingsplassen forsvinn.</li><li>• Uro for at ei sentralisering vil føre til mindre bruk av uteskule</li></ul> |

### FAU om uro ved endring av skulestrukturen og deira viktigast bodskap

- Ynskjer å bevara nærskulen
- Små lokale skular gjev tryggleik og trivsel
- Nærskular er viktige samlingspunkt som bidrar til fellesskap og identitet i nærmiljøet
- Ynskjeleg med opprusting av eksisterande skular
- Det er eit ynskje at eventuelle avgjersler om skulestruktur skal vere tufta på grundig vurdering og langsiktig planlegging, sjølv sagt med fokus på barnas beste.